



Hordabø Idrettslag  
Radøyvegen 2795  
5937 BØVÅGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 16/411 - 16/14719

Saksbehandlar:  
Bente Kopperdal Hervik  
bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:  
18.11.2016

## Tildeling driftsmidlar kultur 2016 - idrett

Det er i budsjettet for Radøy kommune 2016 sett av 375 000 kroner i kulturmidlar. I samband med nye retningslinjer for kulturmidlar vart desse splitta i kr 15 000 til «Tilskot til mindre investeringar i kulturbygg og -anlegg» og kr 360 000 til driftsmidlar til lag og organisasjonar. Av dei 360 000 som er sett av til driftsmidlar, skal idrett ha 45 %, eller kr 162 000,-.

Dei nye retningslinjene seier «*Kommunale kulturmidlar kan gjevast til lag, foreiningar og organisasjonar som har sitt virke i Radøy kommune. Regionale organisasjonar og fylkesorganisasjonar kan få tilskot dersom midlane vert øyremerkte verksemd i Radøy kommune, og det ikkje finst lag i kommunen som ivaretar denne aktiviteten. Det er då ein føresetnad at organisasjonen har medlemmer som er busette i Radøy kommune.*»

Dei nye retningslinjene seier at born og unge, menneske med nedsett funksjonsevne og tiltak som fremjer integrering skal prioriterast. I tillegg vil tal medlemmer busett i Radøy kommune, aktivitetsnivå og inntekter/utgifter verta lagt til grunn.

På bakgrunn av dette har administrasjonen vedtatt fordelinga av midlar som vist nedanfor. Radøy idrettsråd har hatt saka til uttale, og hadde ingen merknader til fordelinga.

Lag	Tilskot
Radøy idrettslag	25500
Manger idrettslag	13500
Radøy Skyttarlag	13500
Radøy sportskyttarlag	10000
Radøy/Manger Fk	42000
Radøy symjeklubb	17500
Hordabø idrettslag	40000

Vedtaket kan påklagast, jf. forvaltningslova § 28. Klagefristen er tre veker rekna frå det tidspunkt underretning om vedtaket kom fram til parten, jf. forvaltningslova § 29. Eventuell klage skal sendast til den instans som har fatta vedtaket i Radøy kommune.

Med helsing

Anne Dahle Austrheim  
leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik  
rådgjevar kultur

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Hordabø Idrettslag	Radøyvegen 2795	5937	BØVÅGEN
Manger Idrettslag	Odd Helge Hagen	5931	MANGER
Radøy Idrettslag	Slettevegen 815	5939	SLETTA
Radøy Skyttarlag v/Kornelius Manger	Radøyvegen 1737	5936	MANGER
Radøy Sportsskyttarlag	Radøyvegen 1737	5936	MANGER
Radøy Symjeklubb	Postboks 109	5936	MANGER
Radøy/ Manger Fk	Pb 47	5936	MANGER